



## Notat

Dato: 05.01.2015  
Arkivsak: 2014/15543-34  
Saksbehandlar: benlei

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### E-forvaltning i HFK, SvarUT

Hordaland fylkeskommune har starta eit prosjekt for å gjere all dialog med innbyggjarane elektronisk. Dette er i tråd med regjeringa sitt digitaliseringsprogram, der målsettinga er at all kommunikasjon frå og til offentleg forvaltning som hovudregel skal skje elektronisk. Innan 1. januar 2016 er alle forvaltningsorgan pålagde å ta offentlege felleskomponentar i bruk ved svarbrev til innbyggjarane. Desse er no under etablering og uttesting. Felleskomponentane er mellom anna eit kontakt- og reservasjonsregister over innbyggjarane, samt ein offentleg digital postkasse.


E-forvaltning er også ei målsetting for Hordaland fylkeskommune. Prosjektet E-forvaltning i HFK, SvarUT er etablert. I første omgang konsentrerer prosjektet seg om elektronisk svar til innbyggjarane. HFK vil ta i bruk KS sin etablerte fellesløsning SvarUT. Dette er ei løysning som er etablert for alle kommunar og fylkeskommunar for utsending av post.

#### KS SvarUT:

- Syter for ein rimelig, effektiv og sikker formidling av dokument til innbyggjarar, private verksemder, offentlege verksemder og andre.
- Sender utgåande post frå kommunen i eit elektronisk format, førebels via meldingstenesta i Altinn. Når det nye kontakt- og reservasjonsregisteret over innbyggjarar og den offentlege digitale postkassen er ferdig uttesta og godkjent, har KS forplikta seg til å integrere desse komponentane i løysinga si for distribusjon av elektronisk post til innbyggjarane. Distribusjon av elektronisk post til næringslivet vil som tidlegare gå via Altinn.
- Har også ei sentralisert løysing for utsending av vanlig brevpost til bruk i dei tifella der innbyggjar har reservert seg mot å få elektronisk post, eller der post ikkje er lest av mottakar innan 2 dagar.

HFK har i desember 2014 inngått avtale med KS om bruk av felleskomponenten SvarUT. I første omgang vil vi kople sakshandsamarsystemet Ephorte opp mot SvarUT. Dette er fellessystemet som blir nytta av alle avdelingane i HFK for generell sakshandsaming og utsending av svar til mottakar. Vidare vil vi kople opp andre fagsystem, der vi vil få ein gevinst ved å innføre bruk av SvarUT.

Pr. november 2014 er det 76 kommunar/fylkeskommunar som har skrive avtale om bruk av KS SvarUT. 30 av desse er sette i drift. Mellom desse er Sør-Trøndelag, Finnmark og Telemark fylkeskommunar. Nord-Trøndelag, Troms og Aust-Agder fylkeskommunar har teikna avtale, men er ikkje sette i drift.



Seinare vil HFK etablere prosjektet "**E-forvaltning i HFK, DialogInn**". Der vil vi leggje grunnlaget for ei døgnoopen forvaltning tilgjengeleg på nettsidene våre, med direkte kopling inn i rett system for vidare sakshandsaming.